

Om kvelden 17.mai vil country-artisten Arne Benoni stå for musikken i Dønhaugkjedlaren. For dei country-interesserte vil artisten vera velkjend, og er rekna som ein av dei fremste i Norge i denne sjangeren

Han har heile 16 plateutgivelsar bak seg, hans siste CD – "I'm coming home" kom ut no i februar. Her har han ingen ringare enn ei av USA's fremste kvinnelege artistar, Lynn Anderson med seg på tre av spora. (Dama bak låten "Rose Garden"). Desse to artistane vil også gjera mange konsertar i lag dette året både i Norge, Sverige og Danmark.

Arne Benoni er einaste norske country-artisten som har oppnådd listing i den amerikanske "musikkbibelen" Billboard's "Hot 100 Country Singles" med "Southern Lady" og "If I live to be a hundred".

Benoni har ei mjuk baryton-røyst, og mange vil nok straks tenkja på hans store helt og førebilete, Jim Reeves. Med seg i Dønhaugkjedlaren denne kvelden har han med seg ein ekstra musikarar på tangentar.

Likar du country, er dette noko du bør få med deg.

Av Magne Huglen